



28-30.
september
www.ranseil.no

Eintype Regatta


RAN Seilforening inviterer med dette til RAN Eintype Regatta (RER) for F18, Melges 24, Albin Express, Snipe og Yngling. Dersom det er andre båttyper som klarer å stilla minst fem båtar, så er dei sjølvsagt velkomne òg! Tanken bak RER er å skapa ei flott helg med tett eintypesegling på bane, minnerike sosiale hendingar i Anglevik, nyskapande formidling via internett og setja i gang prosessar som fremjer eintypesegling på Vestlandet.



Regattaen vil være underlagt ”reglane” slik dei er definert i Kappseilingsreglene 2009-2012, aktuelle klassevedtekter og seglingsprogrammet for RER.

Sportsleg opplegg

- Det vert segla inntil 10 seglasar på Hjeltefjorden/Hauglandsosen
- Fredag: 1 løp
- Laurdag: inntil 6 løp
- Sundag: inntil 3 løp
- Alle seglasar er fleet race på pølsebane som vist på skissa eller evt. med off-set-merke for somme klassar
- Løpslengde: 45-60 minutt med 2 kryssløp og 2 lenselegg
- 1. start: Yngling & Snipe
- 2. start: Express
- 3. start: Melges
- 4. start: F18
- Lavpoengsystem:
 - 1-3 løp: alle løpa tel
 - 4-7 løp: 1 strykning
 - 8-10 løp: 2 strykningar
- Det vil vera dommarar på vatnet med ordinær protesthandsaming med høyringar i Anglevik etterpå.





Regattakontor

Regattakontoret er i klubbhuset til RAN Seilforening og har fylgjande opningstider:

Fredag 28. september: 17.00–18.00

Laurdag 29. september kl. 08.30–09.30

Sundag 30. september kl. 08.30–09.30

Etter seglasane er regattakontoret oppe til ein time etter protestfristen.

Deltakarar Express

Lokale lag frå Hordaland og tilreisande lag. RAN Seilforening låner inn fire båtar til tilreisande lag. Kvalifiseringsgrunnlaget for å låna desse båtane er rankingserien i Stavanger (topp 2) og rankingserien i Oslo (topp 2) i 2012. I tilfelle det skjer uhell må kvart lag som låner båt, på førehand skriftleg garantera for eigenandelen til forsikringa på den aktuelle båten. Tilreisande lag kan segla med sine egne segl. Dersom arrangøren kan få tak i fleire båtar, så kan kvotane på tilreisande lag aukast.



Deltakarar F 18, Melges, Yngling og Snipe

Lokale lag frå Hordaland og tilreisande lag. I samarbeid med flåtekapteinane i desse klassane vert det arbeid for å organisera utlånsbåtar etter liknande modell som Expressklassen, meir informasjon om dette kjem seinare.

Kontaktpersonar:

Melges	Karl Otto Book	920 60 799	karlotto@booksailing.no
Express	Carl Olav Wickmann	413 26 639	co_wickmann@hotmail.com
Yngling	Sverre Valeur	916 81 000	sverre@teambergen.no
F 18 & Snipe	Trond Aarø	464 57 952	taa@onsoft.no



Tidsprogram fredag 28. september

1800-1900: Velkomst i klubbhuset: orientering og loddtrekning av båtar til tilreisande lag

1930: Fyrste varselsignal: ein seglas

2100-2400: Mat og seglarpub i klubbhuset med storskjerm. Lagfotografering. Etter middag vert det presentasjon av arrangørstab, dommarar og v r/straum f r det vert paneldebatt om framtidens eintypesegling p  Vestlandet.



Laurdag 29. september

1000: Fyrste varselsignal

1000-1700: inntil 6 l p

Det vert 20 minutt matpause p  fjorden mellom l p 2 og 3 og tilsvarende mellom l p 4 og 5.

1700: til lands, fort ying og nedrigging, matserving i naustet, storskjerm

1900-0100: Seglarpub i klubbhuset med middag, storskjerm, premieutdeling Hjeltefjordtrim og DJ



Sundag 30. september

1000: Fyrste varselsignal

1000-1430: inntil 3 løp

(Mellom løp 1 og 2 vert det start for RAN Seilforening sitt klubbmesterskap for T/H. Desse båtane seglar på faste merker i Hjeltefjorden med målgang i Anglevik.)


1500: til lands, nedrigging/klargjering for heimreis

1545: mat i klubbhuset og premieutdeling

1630 avslutning og heimreise

Hamn og overnatting

Alle deltakande båtar i RER kan liggja kostnadsfritt langs kaiane som er markert med raudt på teikninga av RAN Seilforening si hamn i Anglevik. Det vert utarbeidd eigen hamneplan som vil visa kva klassar som ligg kvar. Sniper og F18 kan stå på traller på land. Parkering av bilar og tilhengarar skjer gratis på RAN's parkeringsplass. Det er trådløst internett i hamna.



Tilreisande lag kan overnatta i RAN Seilforening sitt gamle klubbhus *Ranheim* som har overnattingskapasitet på 36 personar. Soving i etasjekøyer, ta med sovepose. Det er kjøkken, tørkerom, garderobe, dusjar og toalett i Ranheim + tilgang til garderobar, dusjar og toalett i klubbhuset. Meir info om *Ranheim* finst på <http://ranseil.no/dokmntr//Anlegg/Ranheim.pdf>



Kranbruk og klargjering av innlånte båtar

Innlånte båtar vert transporterte til Anglevik og klargjort for regattaen, mellom anna vert båtane skrubba og alt ikkje-naudsynt utstyr bortsett frå motor og bensin vert teke ut, merka og plassert i Naustet. Dei som låner båtane lastar dette ombord att før premieutdelinga på sundagen.

For sjøsetjing av tilreisande deltakarbåtar som kjem på tilhengar, er det jolleslipp, betongslipp og kran med 15 tonns kapasitet med kranførar kostnadsfritt tilgjengeleg fredag kl. 16.00-19.00 og frå kl. 15.00-18.00 på sundag. Dei med lengst reiseveg stiller fyrst i krankøen sundag.



28-30.
september
www.ranseil.no

Eintype Regatta

PÅMELDING

- Til forsiden

Deltagerliste

- Deltagerliste

For deltagerne

- Endre påmelding
- Invitasjon
- Demo tracking

Arrangør: Ran Seilforening

Dato: 28.09.2012 - 30.09.2012

Sted: Anglevik

Påmeldingsfrist: 26.09.2012 kl: 23:59

Startkontingent: 400 - 800 kr

Etteranmeldingsfrist: 27.09.2012 kl: 23:59

Etteranmeldingskontingent: 600 - 1200 kr

Pølsebane-regatta for F18, Melges 24, Albin Express, Snipe og Yngling.

Inntil 10 seglasar på Hjeltefjorden/Hauglandsosen

- Fredag: 1 løp
- Laurdag: inntil 6 løp
- Sundag: inntil 3 løp

Alle seglasar er fleet race på pølsebane

Løpslengde: 40-50 minutt med 2 krysslegg og 2 lenselegg

- 1. start: Yngling & Snipe
- 2. start: Express
- 3. start: Melges og F18

Lavpoengsystem

1-3 løp: alle løpa tel

4-7 løp: 1 strykning

8-10 løp: 2 strykningar

- Det vil vera dømmarar på vatnet med ordinær protesthandsaming med høyringar i Anglevik etterpå.

Målet er å skapa ei flott helg med tett eintypesegling på bane, minnerike sosiale hendingar i Anglevik, nyskapande formidling via internett og setja i gang prosessar som fremjar eintypesegling på Vestlandet.

Samarbeidspartnere

MELGES 24

Yngling

Fana snipeklubb
(Snipe) Bergen

EXPRESS KLUBBEN.COM

F18
FLYING DUTCHMAN

Arrangører

RAN

Påmeldings- og resultatsystemet leveres av SEILmagasinet

SEIL
magasinet

Multimediaformidling

Arrangøren ynskjer å dokumentera og formidla det som skjer under seglasane via regattaens nettsider. Fleire ulike medieformer er aktuelle å ta i bruk: tracking, foto, youtube, facebook og det skal sjølvstøtt verta god resultatservice. Tracking: arrangøren arbeider med å få på plass tracking som kan publiserast på nettet, slik at det er mogleg å studera seglasane i etterkant. Foto: det vert fotograf på banen som knipsar og som publiserer dette på regattaen sine nettsider. Youtube: dette vert ein viktig nyhendekanal i oppkøyringsfasen og i etterkant for å publisera intervju med aktørar og visa glimt frå seglasane. Facebook: dette vert ein viktig møtestad mellom seglarane, publikum og ein kanal for å koma med innspel til arrangøren. Resultatservice: regattaen vil bruka Seilmagasinet sitt resultatsystem, noko som gjer det mogleg å få resultatlistene publisert frå startbåten. Delar av foto/video/tracking-materialet vil verta vist på storskjerm under arrangementa på land og dette materialet vert publisert på nettet i etterkant av regattaen.



Debatt om eintypesegling

Arrangørane bak RAN Eintype Regatta ynskjer å setja i gang prosessar som fremjar eintypesegling. Etter seglasen og maten fredag kveld vert det difor debatt om kva grep som bør takast av arrangørar, klasseklubbar og seglarar. Her får du høve til å påverka framtida for eintypeseglinga på Vestlandet i dei komande åra.



RAN Seilforenings Klubbmesterskap for T/H

Sundag 30. september går RAN Seilforening sitt klubbmesterskap for T&H av stabelen. Disse båtane tevlar på LYS og seglar eit løp på faste merker med start frå pølsebanen mellom eintypebåtane sitt løp 1 og 2. Varselsignal for klubbmesterskapet sin start vert kl. 1100 og desse båtane vert så sendt ut på eit 2-3 timars løp utanfor baneområdet til eintypebåtane. Målgang for klubbmesterskapet vert i Anglevik. Det er ingen startkontigent i RAN Seilforening sitt klubbmesterskap. Det er ei målsetjing at mange av RANs jolleseglarar og foreldre vert med som mannskap på klubbmesterskapet. Deltakarane i klubbmesterskapet er sjølvsagt inviterte på dei sosiale hendingane under RER.

Påmelding

Startkontigent for RER er kr. 800 for Melges og Express, kr. 600 for Yngling og kr. 400 for Sniper og F18. Påmeldingsfrist: onsdag 26. september 2012. Båtar som melder seg på etter påmeldingsfristen må betale 50 % tilleggsavgift til startkontigenten. Påmelding og annan info om regattaen finn du via www.ranseil.no

Premiering

Det vert 1/3 premiering til kvar båt i kvar klasse. Skipper og mannskap på dei tre beste båtane i kvar klasse får medalje i gull, sølv og bronse.



Spørsmål kan rettast til regattasjef Kjell Magnus Økland (95 04 67 39 / kjellmag@gmail.com)

www.ranseil.no



Velkomen til RAN Seilforening og RAN Eintype Regatta!